

Takk for tilbakemeldinga og takk for interessa de viser for dette.

Dette er ein pilot som vi gjennomfører i Hordaland i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI). Det er FHI som er prosjekteigar. Dei har fått i oppdrag frå nasjonale myndigheter å utarbeide ein mal og ein metode for gjennomføring av slike undersøkingar i alle landets fylker.

Vi i Hordaland har fått vere med å utvikle spørjeskjemaet, men det er FHI som har siste ordet når det gjeld innhald. I slike undersøkingar er det mange omsyn og mange interesser som spelar inn. Folkehelse er eit breitt fagfelt og det er derfor mange temaområde som skal dekkjast. I tillegg er det nasjonale, forskingsmessige omsyn som skal takast i vare. Vi har strekt oss langt for å gjøre undersøkinga så kort som mogleg, men samstundes må vi og sikre oss at vi får inn den informasjonen vi treng, no når vi legg ned så mykje tid og ressursar på å gjennomføre dette.

Vi er forsåvidt einige i at når det tek 20 minutt å svare, så begynner skjemaet å bli noko langt, men vi har tillit forskarane ved FHI når dei seier at det er ein akseptabel lengde. Det er primært tida det tek å svare og ikkje tal spørsmål som er det avgjerande i slike undersøkingar.

Det er generelt låg deltaking i spørjeundersøkingar i Noreg og deltakinga har vore fallande over tid. Oftast krevst det mobilisering i form av reklamering og gjerne også incentiv som premiar for å få folk til å delta. Før piloten vart sendt ut, gjetta FHI på ein svarprosent på rundt 21% til piloten og 27-30% til hovudundersøkinga. Ein svarandel på 45% i piloten vil vi derfor vurdere som svært god og noko som gjer oss optimistiske fram mot hovudundersøkinga vår.

Spørjeskjemaet vart utvikla i haust og det er dessverre ikkje mogleg å gjøre endringar i skjema så langt inne i prosessen. Det har å gjøre med programmering inn i datasystema å gjere.

Vi gler oss til å komme attende til dykk med presentasjon av funna frå undersøkinga.